



Vest politidistrikt

Dato: 18.02.2022

Grenseregulering av namsmannsdistrikt i Vest politidistrikt - sentralisering av namsmynde - fråsegn

Sogn regionråd går mot at Vest politidistrikt sentraliserer namsmynde slik arbeidsgruppa tilrår.

Organiseringa av namsmannsdistrikt må ha som overordna mål at tenesta er best mogeleg til nytte for brukarane. Det er viktig for å sikre rettstryggleiken til brukarane.

Namsmennene utfører i stor grad tenester for svake grupper i samfunnet som ofte ikkje har ressursar til å nytte ny teknolog. Dei er ofte også dei minst mobile.

3 av Vest sine 10 sjølvstendige namsmannsdistrikt er lokalisert i GDE Sogn og Fjordane, Namsmannen i Nordfjord, Namsmannen i Sunnfjord og Namsmannen i Sogn. Alle er generalistar med portefølje-/fag-/budsjett-/resultat-/personalansvar. Dei jobbar såleis med fleire fagfelt, til dømes utlegg, forlik, pass/id. Dermed er dei godt kvalifiserte til å yte tenester lokalt. I tillegg har Vest ei «*Felles eining sivil rettspleie*» som har eit fag-/opplærings-/koordineringsansvar. Dermed er god felles fagleg oppfølging sikra også for framtida.

Dagens organisering fungerer som ei god teneste for brukarane/ publikum. Korleis tenestene fungerer for brukarane/ publikum må vere det heilt avgjerande vurderingstemaet når ein skal ta stilling til om det skal gjerast endringar i gjeldande organisering.

Ei arbeidsgruppe har lagt fram ein rapport med ei konsekvensvurdering av å etablere sentralisert namsmynde, ein Namsfogd, i Vest politidistrikt. Arbeidsgruppa sin konklusjon er at den ser behov for å endre organiseringa og at ei sentralisering vil vere «fordelaktig». Denne konklusjonen er svakt underbygd. Tilrådingane er i det alt vesentlege konsentrert om og tufta på konsekvensvurderingar knytt til administrative og økonomiske verknader.

Konsekvensane og verknadene for brukarane/publikum er i liten grad vurderte og analyserte. Arbeidsgruppa har i alt for liten grad gått inn i, analysert og konkretisert korleis og i kva grad ei omorganisering vil gje god publikumsteneste. Gruppa har heller ikkje vurdert om det vert meir optimal utnytting av ressursane og kompetansen, om det vil opne for betre utvikling og utnytting av fagkompetanse, om det vert betre og likare tilbod til alle innbyggjarar og profesjonelle partar og om det vert meir einskapleg praksis og lik servicegrad til partane. Det er heller ikkje sannsynleggjort at sentralisering vil gje betre tilpassing til den teknologiske utviklinga.

Det er ikkje lagt fram data som sannsynleggjer at sakshandsamingstida vert kortare enn i dag. Tvert om kan det vere grunn til å frykte at vi får ei lengre sakshandsamingstid enn det vi har i dag, i alle høve i ei overgangstid som kan bli urimeleg lang.

Det viktige samarbeidet med kommunane og lokalt NAV vert vanskelegare og meir krevjande.

Andre utfordringar og negative konsekvensar kan verte meir avstandsleiing, trong for ekstra ressursar til å ta i bruk endra arbeidsmetodar, lengre avstandar mellom arbeidsplassen og der arbeidsoppgåvene skal utførast, større fagleg og sosial distanse, HMS-utfordringar, større avstand til publikum, svakare lokale fagmiljø, redusert lokal sakshandsaming og svakare lokale fagmiljø.

Alt i alt er tilrådinga alt for einsidig tufta på administrative og økonomiske omsyn. Omsynet til brukarane er ikkje drøfta godt nok og vektlagt sterkt nok.

Sogn regionråd kan ikkje akseptere at argumentet om reduserte kostnader skal trumfe dei svake gruppene sine behov for nødvendig effektiv hjelp i rimeleg nærliek. Sogn regionråd kan såleis ikkje sjå at det er lagt fram ein truverdig argumentasjon for at ei sentralisering vil gje betre tenester enn det vi har i dag.

Sogn regionråd går difor mot at det vert gjennomført ei sentralisering i samsvar med tilrådinga frå fleirtalet i arbeidsgruppa.

Dersom det vert gjennomført ei sentralisering tilår Sogn regionråd, som eit subsidiert syn, alternativ 2 i framleggget frå arbeidsgruppa. Det er då ein føresetnad at dagens struktur på lokalisering av tenestepersonell vert halde opp, også ved nyrekryttering etter at noverande tilsette går ut i pensjon.

Dersom det vert gjennomført ei sentralisering ber Sogn regionråd om at det nye sentraliserte namsmynne vert lokalisiert til Sogndal kommune.

Med dagens tilgang på teknologiske løysingar er det ikkje noko som tilseier lokalisering til Bergen. Hovudprinsippet om desentralisert lokalisering må difor leggjast til grunn i denne saka.

I Sogndal kommune finn vi fleire sterke administrative kompetansemiljø, eit av landets sterkeste miljø på IT-kompetanse, eit sterkt Høgskulemiljø og eit voksende forskingsmiljø i Vestlandsforskning og Høgskulen.

Kommunen rekrutterer godt til alle typar stillingar, har gode kultur- og aktivitetstilbod og er ein attraktiv stad å bu. I Sogndal kommune vil dei tilsette i eit sentralisert namsmynne finne eit godt fagleg miljø med rike moglegheiter for sysselsetting for ektefellar/partnarar/sambuarar eller potensielle slike.

Med helsing

Hilmar Høl
Leiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.